



Professor Sigrid Lien saman med uskedelingane Kristian Bringedal og Aud Karin Løvfall i Baroniet torsdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eit fotografi seier ofte meir enn 1.000 ord og det gjeld ikke minst dei fotografia som utvandrarane sende heim frå den andre sida av havet.

Det fekk i høgste grad dei sanne som torsdag kveld såg og hørde lysbilledføredraget til professor i kunsthistorie Sigrid Lien frå Bergen i Borgstova i Baroniet.

Ho presenterte ei unik samling fotografi sendt heim av utvandrarar frå Valle i Setesdalen. Innsamlinga av fotografia, som Lien har føreteke i samarbeid med Setesdalsmuseet, saknar truleg sitt sidestykke i landet.

Mellom tilhøyrarane til kåseriet var uskedelingane Kristian Bringedal og Aud Karin Løvfall. Dei står sentralt i arrangementet av utstillingen av fotografia til utvandrarfotografen Kristian Pedersen Myklebust frå Uskedalen som vil bli presentert under Museumsdagen på Rød søndag 22. august og dagane etterpå. Han satsa på bilete frå gamlelandet. Truleg var han på 4 ekspedisjonar hit og selde bileta i USA der han hadde atelier i den vesl byen Spring Grove i Iowa.

Rød-arrangørane er interessert i enda fleire Myklebust-bilete. Setesdalsmuseet har no ei utstilling som professor Lien har komponert og kalla "Lengselens bilder" og den inneheld også Myklebust-bilete.

Lien har også skreve om uskedelingen i boka som heiter det same og som er eit storverk om fotografiet sin plass i den norske utvandringshistoria.

Ho ser fram til å koma og sjå utstillinga på Rød.

Lien imponerer ikkje minst gjennom tolkinga av bileta – det er nærmast utruleg kva ho kan lesa av historisk interessante og spanande fakta utav dei.

Av Ola Matti Mathisen